

**Lærarrapport**  
**Prosjektet "Lykkejegerne"**  
**Stavanger Katedralskole 2007**  
**Anja Helen Steinsland**

### ***Innleiing***

Prosjektet "Ungdom og lykke" har på alle måtar vore fokuset til fire elevar og underteikna denne hausten. Me har gått inn i det noko ulne, men samstundes enormt spennande universet der lykke står i sentrum. Me har måtta stilla oss sjølve mange spørsmål undervegs, som til dømes "er eg lykkeleg?", "lever eg eit liv der eg baserer eiga lykke på materielle gode?" og ikkje minst "korleis kan ein vita noko om kva som er relevant for lykka til ungdom i ein anna kultur og i ei anna røynd?". Samstundes som me har lært meir om verda der ute trur eg me trygt kan seia at me også har lært noko om vår eiga, indre verd. Me har møtt på våre egne fordommar og me har måtta ta stilling til våre egne haldningar gong på gong.

### ***Bakgrunnen for forkinga***

Ved Stavanger katedralskole er det mange engasjerte elevar. Når eg i fjor som faglærer i 2 SK - Sosiologi og sosialantropologi fekk høyra om *Holbergprisen i skolen*, var eg ikkje i tvil om at dette var noko for våre elevar. Min eigen situasjon for skuleåret 2007/2008 var noko uklår, så me satsa på fire elevar frå klassen min i sosiologi og sosialantropologi som alle ville gå vidare med samfunnskunnskap 3SK dette året. På den måten kunne prosjektet overtakast av ein annan lærar om eg ikkje vart verande ved skulen.

Elevane kom dessverre ikkje i same klasse i 3SK. På grunn av dette har me altså ikkje jobba i ein klasse med prosjektet. Elevane har ikkje hatt eit felles treffpunkt i den fastlagde timeplanen, men gjennom felles fritimar og enorm innsatsvilje frå elevane si side har me klart å halda fokuset gjennom forskingsprosessen.

Som einsam lærar har forkinga vore krevjande frå fyrste stund. Eg ser i ettertid at det ikkje var ei god løysing at eg vart åleine med ansvaret for å rettleia dei unge forskarane våre. Ved eit seinare høve vil me absolutt ha ei anna tilnærming til forskingsprosjektet. Dette inneber at

me både vil jobba i heile klassar, og at me minimum vil vera to lærarar som samarbeider om prosjektet. Likevel har det vore ei spennande tid der eg har fått lov til å jobba tett på fire flotte elevar som verkeleg har utvikla seg som samfunnsvitskaplege forskarar. Det har vore spanande å sjå forskingsprosjektet veksa og ta form.

### ***Lykke som fokus***

Elevane sette seg saman på tampen av skuleåret i fjor. Dei skulle velja seg eit emne for forskinga si, og det var ein kreativ prosess som vart sett i gang. Elevane kasta mange ballar opp i lufta og mi rolle i dette arbeidet var i stor grad å observera og lytta til dei ulike forslaga som kom. I starten hadde me ei fri idémyldring, men ganske raskt fann me ut at me måtte bli realistiske. Mi oppgåva vart då å peika på utfordringar i møte med dei ulike emna elevane vurderte, og å rettleia med tanke på at dette skulle kunna gjennomførast i eit kort tidsrom med nokså knappe ressursar.

Tidleg i denne idémyldringa vart det klart at elevane ønskte å fordjupa seg i eit emne som var nært og det dei valde å kalla ”daglegdags”. Her skulle ein ikkje fokusera på eit marginalt forskingsprosjekt. Elevane ville at forskinga skulle gje svar og innsikt som hadde verdi utover prosjektet *Holbergprisen i skolen*. Dei ville læra noko, dei ønskte å sitja att med kunnskap som kunne bety noko for både dei sjølve og andre unge lenge etter at forskingsprosjektet var over.

Elevane var innom alt frå valdeltakinga til ungdom, via ungdom og fritidsaktivitetar, til mediavanane deira. Men alle desse forslaga vart forkasta. Elevane ville djupare inn i kvardagen til ungdom. Til slutt enda dei opp i ei drøfting kring noko av det absolutt inste i eit menneske: kjensla av lykke.

Kor skal ein så byrja i møte med det noko vidløftige og kanskje til og med pretensiøse prosjektet ”ungdom og lykke”? Eg rettleia elevane i retning av å starta med ei drøfting av kva det i det heile tatt var mogleg å gjera med dette emnet. Korleis tilnærmar ein seg lykkieforskinga? Det fyrste me måtte avdekka for oss sjølve var kva me ville ha svar på. Ville me måla lykka hjå kvar einskild informant? Eller ville me snarare finna ut kva lykke er for ungdom? Men korleis avdekkjer ein i så fall dette? Det er jo ikkje så lett å få tak på dette lykkeomgrepet. Me kastar det rundt oss i tide og utide i språket, men kva legg me eigentleg i

det? Dette vart ein nokså lang prosess for elevane. Dei måtte jobba seg ut av sin eigen private, subjektive tilnærming til omgrepet og nærma seg eit meir vitskapleg blikk. Likevel er det her viktig å presisera at ein aldri kan oppnå objektiv forskning. Dette snakka me mykje om. Elevane var heile tida tydelege på at dei ønskte vera metodisk medvitne gjennom heile forskingsprosessen.

### ***Val av og arbeid med metode***

I møte med lykkeforskning er det nærliggjande å nærma seg den kvalitative forskinga. Ein kan sjå for seg djupneintervju med nokre få informantar og slik kunna få både relativ stor innsikt og kunnskap om emnet gjennom eit lite utval. I den kvantitative forskinga gjeld det ofte å måla resultata. Ein set opp få svaralternativ og ber dei informantane ein spør om å pressa svara sine inn i ferdige kategoriar. Kanskje sit informantane med ei kjensle av at spørsmåla aldri heil kjem inn til kjernen av deira oppfatning av emnet.

På trass av alt dette valde me altså å gå for ei kvantitativ tilnærming til lykkeforskninga vår. Elevane var tydelege på at dei gjerne ville ha eit internasjonalt tilsnitt på denne forskinga. Dei ønskte å sjå utover sin eigen by og sin eigen kvardag. Korleis har unge det i andre land? Tenkjer dei slik som me gjer? Dei unge forskarane ville veldig gjerne kryssa både kulturelle og geografiske grenser. Som rettleiar opplevde eg dette som spennande innspel. Men korleis skulle ein då halda seg til metode?

Me snakka mykje om det metodiske valet og kom fram til at kvaliteten på eit djupneintervju med ein eller fleire elevar i ein flyktningleir i Libanon med stort sannsyn ville verta dårleg. Reint praktisk ville det vera mest umogleg å gjennomføra. Dei unge forskarane kunne jo ikkje reisa ned til informantane. Skulle ein då ta det over telefon? Over MSN? Truleg har dei ikkje tilgang til utstyr som trengst for å gjennomføra ein videokonferanse, og ut frå den knappe tidsressursen elevane rådde over var det heller ikkje stort rom for prøving og feiling på dette området. Alt i alt kom me til at dette vart vanskeleg.

Særleg grunna vanskar med det reint praktiske kring det å gjennomføra eit kvalitativt djupneintervju med nokre som bur tusenvis av kilometer vekke, valde me altså å halda oss til den kvantitative metoden. Me vart einige om at så lenge me kjende til og tok høgde for dei

svake punkta i ei slik undersøking, ville dette verta den beste måten å jobba på for oss i denne samanhengen.

Men kan ein måla lykke? Dette var det store ankepunktet me alle opplevde når me vart stilte overfor prosjektskissa vår. Det vart nytta mykje tid til å jobba med problemstillinga og til å utforma spørjeskjema. For nei, ein kan nok ikkje måla lykke, men ein kan kanskje avdekka kva som inngår i lykka til eit menneske. Kva for små komponentar er det kjensla av lykke byggjer på?

### ***Bakgrunnen og utgangspunktet for den internasjonale tilnærminga i forskinga***

Stavanger katedralskole er ein vidaregåande skule som har sett internasjonalisering i høgsetet. Alle elevar får tilbod om ei studiereise til utlandet med eit av dei studieretningsfaga dei vel i tredje klasse. Gjennom dette arbeidet har skulen knytte til seg ulike vennskapsskular rundt om i verda. Slik har det vokse fram ei utstrekt utveksling. Våre elevar reiser til Austerrike, Spania, USA og så vidare, og elevar frå desse landa kjem tilbake på visitt til oss. Gjennom dette arbeidet opplever skulen at elevane utvidar sine eigne horisontar og forståingsrammer. Dei vert utfordra på sin eigen kultur og sine eigne haldningar, i tillegg til at utvekslinga ber i seg kimen til stor fagleg utvikling.

Den kristne privatskulen Northeastern Christian Academy i Houston, Texas, var ein av dei skulane som me tenkte det kunne vera interessant å inkludera i forskinga vår. På denne måten kunne ein få svar frå eit anna kontinent og ein annan kultur. Dei unge forskarane var svært medvitne om både sine eigne og medelevar sine stereotypiar i møte med amerikansk ungdom. Ved Stavanger katedralskole er det mange venstreorienterte elevar, og ein av grunnane til å ta med skulen i Houston var for nettopp å utforska og utfordra desse stereotype haldningane. Er det slik at ungdom i Texas opplever bestanddelane i lykke annleis enn ungdom i Rogaland. Er det slik at dei er meir overflatiske, eller er dei snarare meir opptekne av dei ”nære verdiane” i si forståing og oppleving av lykke, slik som forhold til familie og vener, enn det Stavangerungdom er? Dette vart ein stor motivasjonsfaktor for elevane. Dei var svært audmjuke i høve til sine eigne førestillingar og ville gjerna retta eit kritisk lys innover mot seg sjølve, så vel som utover til feltet. Elevane var tydelege på at dei gjerne ville jobba med fokus på interkulturell kommunikasjon og forståing i forlenging av ”lykkeforskinga”.

Stavanger katedralskole har òg eit internasjonalt solidaritetsprosjekt (IS) som alle elevane vert inkluderte og engasjerte i. Gjennom dette prosjektet har elevane retta søkjelyset mot palestinske flykningar i Libanon. Fleire elevar har vore på reise ned til mellom anna flykingleiren Shatila. Dette arbeidet, og det fokuset som har vokse fram i kjølvatnet av dette, har vore viktig for elevar ved skulen. Dei har saman fått eit felles referansepunkt utanfor seg sjølv og sin eigen kvardag.

For forskargruppa var det frå fyrste stund ønske om å inkludera elevar frå dette området i prosjektet. Sjølv om den geografiske avstanden til Beirut er kortare enn til Houston, vil nok kanskje den sosiale og kulturelle avstanden vera desto større. Elevane valde desse to skulane ut frå ein tanke om at dei kanskje kunne representera kvar sin ytterkant i høve til vår eigen skule og eigen kvardag. Samstundes var ikkje dette berre fjerne og abstrakte konstallasjonar. Elevane frå dei to byane var unge menneske som forskarane sjølve eller deira medelevar kunne koma til å treffa ved eit høve. Då vart det ekstra spennande å prøva å avdekkja ein liten flik av deira røyndomsforståing og indre liv i høve til tematikken ”ungdom og lykke”. Dette gav elevane ein ekstra dimensjon på forkinga.

Stavanger katedralskole har fleire kontaktpersonar i Libanon, og me sette i gang med å engasjera rektor ved skulen til å etablere den rette kontakten for Holbergprosjektet. Det var viktig for oss at denne fyrste kontakten, både i forhold til Houston og til Beirut, skulle opprettast av ein person som opplevde å ha ein veletablert og mest mogleg personleg kontakt med ein person på dei respektive skulane. På denne måten håpa me at kontaktpersonen i andre enden ville oppleva førespurnaden som personleg viktig å følgja opp. Utan denne personlege henvendinga såg me for oss at e-postar kanskje ville verta verande uopna ei tid. Kanskje måtte me gå fleire rundar med å presentera prosjektet og me kunna måtte komma til å gjentekne gonger ta kontakt før me eventuelt fekk eit positivt svar. Forskingperioden i prosjektet er svært kort, så me hadde inga tid å miste. I forhold til skulen i Houston, støtta me oss på ein lærar som fleire gonger hadde vore reiseleiar for våre elevar på tur til Texas, og som opplevde å ha ein personleg kontakt med rektoren på denne skulen.

## **Forskningsprosessen**

Forskningsprosessen har gitt oss både store gleder og store utfordringar. Det har vore knapt med tid og arbeidsrom, men samstundes har dette gjort oss meir poengterte og målretta i arbeidet.

Ved oppstarten på skuleåret kalla eg gruppa inn til møte. Me hadde allereie emnet for forskinga på plass, men no måtte me spesifisera tilnærminga. I tida framover jobba forskargruppa vidare med undersøkinga. Dei las mykje metode og sette seg inn i tidlegare lykkeforskning.

Sosiolog Erik Fossåskaret møtte elevane 6. september. På dette møtet jobba gruppa med metodiske utfordringar. Særleg hadde dei mange tankar og innvendingar til det forskningsetiske aspektet ved undersøkinga. Dette fekk dei rettleiing av Fossåskaret på. Elevane vart svært inspirerte og opplevde dette forskarbesøket som lærerikt og utviklande.

Etter intens jobbing med spørjeskjemaet sette me oss igjen saman med forskar Erik Fossåskaret 27. september. Han las kritisk gjennom det som elevane hadde sett opp. Saman hadde me ein fruktbar diskusjon kring ulike utfordrande element i prosjektet vårt.

Forskargruppa jobba vidare med undersøkinga. Stadig måtte element endrast og forbeholdast. Dei viste spørjeskjemaet til nokre testpersonar som kunne gje ein peikepinn på om skjemaet var brukande. Elevane måtte òg utforma eit introduksjonsbrev til rektorane ved dei to skulane me skulle senda undersøkinga til.

Rett før haustferien, 4. og 5. oktober, fekk gruppa endeleg sendt skjemaet ut til dei respektive skulane. Dette gjorde dei gjennom mellommenn ved skulen som altså hadde kontaktar ved dei tre utdanningsinstitusjonane Ramallah School og Khan Youmis School (begge UNRWA) i Shatila og Northeastern Christian Academy i Houston.

Tysdag 16. oktober gjennomførte dei undersøkinga på to tredjeklassar ved Stavanger katedralskole. I etterkant i dette sette dei seg ned og la inn alle data i NSDstat. Dette fann elevane raskt ut at var eit tidkrevjande arbeid, men likevel var det oppløftande å sjå at forskinga var over i eit nytt stadium.

Det vart eit høgdepunkt for gruppa når Siri Breistein ved *Holbergprisen i skolen* kom på besøk. Dette opplevde elevane som svært positivt. No var det ikkje berre dei og ein lærar som haldt på, dei såg at dei var med på noko mykje større. Dette var til stor inspirasjon for forskargruppa.

Så vart det nokre tunge dagar med venting på svar frå Libanon og USA. Elevane kasta seg over arbeidet når me endeleg fekk svar frå dei to skulane i Shatila. I denne noko nervepirrande tida måtte me diskutera alternative løysingar dersom svara ikkje nådde fram i tide. Elevane var inne på tanken å samanlikna funna ved sin eigen skule med ein yrkesfagleg skule i Stavanger. Svara frå Houston nådde ikkje fram innan fristen, men elevane hadde førebudd seg på st dette kunne skje, og dei vart såleis ikkje så motlause når me til slutt fann ut at me berre måtte utelata Houston, og slik i siste liten endra problemstillinga.

Den siste tida gjekk med til tolking av resultata frå Shatila og Stavanger. Elevane møtte ein del motstand i NSDstat, men ingen problem var for store. Mot slutten jobba elvane tett og effektivt. Dei vaks mykje som forskarar i denne perioden.

### ***Utfordringar i forskingsprosessen***

For elevane trur eg at organisering av prosjektet i tillegg til anna skulearbeid har vore det mest utfordrande. Elevane har sjølve måtta avgjera når dei hadde rom for å jobba. Dei har òg måtta gå inn i dei respektive faga sine for i stor grad sjølve å argumentera for fritak eller utsetjing i høve til prøvar eller innleveringar med kvar einskild faglærar. Dette hare gjort at elevane har vorte meir sjølvstendige og dei har alle teke store steg mot studentrolla.

Logistikk og kommunikasjonsproblematikk har vore eit anna problem. Når me skulle ha undersøkinga gjennomført på andre skular, var det viktig å få med andre lærarar og kontaktpersonar som kunne ta den fyrste innleiande kontakten. Men gjennom dette grepet mista me også noko av den kontrollen og styringa med prosjektet som kan opplevast så avgjerande i ein såpass kort forskingsperiode. Når det kjem fleire ledd inn i prosessen set dette større krav til oversiktleg og konsis kommunikasjon. Dette opplevde elevane som vanskeleg, men samstundes lærte dei mykje av desse utfordringane.

## ***Holbergprosjektet i høve til verksemdplanen ved Stavanger katedralskole***

I verksemdplanen for skulen ligg omgrepet ”kongsgårdsstudenten”. Med dette meiner ein at elevane på skulen skal strekkja seg etter studentrolla. Dette opplevde forskarteamet i aller høgste grad at dette prosjektet kravde av dei. Her kunne dei ikkje enkelt støtta seg til ein lærar eller ei lærebok. Her var det dei sjølve som måtte trø til og ta initiativet. Dette opplevde nok elevane som både spennande og lærerikt, men samstundes var det også til tider nokså utfordrande for dei.

## ***Holbergprisen i høve til læreplan***

Då forskinga til våre fire elevar ikkje vart fanga opp av eit skulefag er det ikkje så lett å finna dekning for prosjektet i ein fagplan. Det er jo ikkje vanskeleg å sjå at forskingsprosessen dreg med seg mange fag frå skulekvardagen, slik som norsk og religion og etikk, utan at eg finn det naudsynt å referera til desse planane her.

Men skulen er jo så mykje meir enn summen av dei einskilde faga. I den generelle delen av læreplanen møter ein mange vidløftige visjonar for dei unge elevane. Ved Stavanger katedralskole tenkte me at dette prosjektet kunne vera ein av måtane me jobba for å oppfylle denne kanskje noko uhandgripelege og tilsidesette sida av opplæringsoppdraget i skulekvardagen. I den generelle delen av læreplanen står det mellom anna at ”målet for opplæringa er å ruste barn, unge og vaksne til å møte livsens oppgåver og meistre utfordringar saman med andre”<sup>1</sup>. Gjennom dette forskingsprosjektet opplever me at elevane har vorte utfordra på nettopp dette. Dei har måtta jobba saman i eit team, dei har måtta la andre ta styringa der det kanskje elles ville vore betre om ein hadde heile oversikta sjølv. Kvar einskild elev har jobba individuelt med mandat frå heile gruppa. Dette har elevane heilt tydeleg vakse på. Ofte opplever ein at det er lettare å berre gjera alt sjølv, då har ein i alle fall kontrollen på at det blir gjort og at kvaliteten er god nok. Slike løysingar var det absolutt ikkje rom for i dette prosjektet.

## ***Forsningskontakt***

Kontakten med Erik Fossåskaret og UIS har vore fantastisk. Elevane har fått eit enormt innblikk i genuin forskingsglede og forskningsetikk. Foossåskaret tok elevane på alvor som

---

<sup>1</sup> [http://www.utdanningsdirektoratet.no/upload/larerplaner/generell\\_del/nynorsk.pdf](http://www.utdanningsdirektoratet.no/upload/larerplaner/generell_del/nynorsk.pdf)



forskarar, og tok dei med inn i mange spennande faglege og metodiske diskusjonar. Mellom anna gjekk elevane mange rundar på etiske sider ved undersøkinga si saman med sosiologen. Saman sette dei lys på alt frå anonymitet til nærgåande spørsmål. Fossåskaret var svært audmjuk i høve til elevane sine tankar og idear, samstundes som han rettleia elevane på ein konkret og god måte. Elevane vart inviterte til å senda e-post eller ringa når som helst. Dette opplevde dei unge forskarane som svært positivt. Elevane fekk slik både eit unikt innblikk inn i forskarsfæren, samstundes som dei opplevde stor velvilje som braut ned mange stereotypiar hjå dei når det kom til forskingsmiljøet.

### ***Vegen vidare for lykkeforskinga***

Elevane er slitne, men oppglødde over sin nyvunne status som lykkeforskarar. Eg ser at dei har fått eit løft i eit elles travelt siste år på vidaregåande, og eg veit at dei med dette glimtet av studentlivet har fått ny giv i høve til neste års universitetsinngang. Dei har tatt mange steg mot studentrolla.

Forskningsprosjektet har fått stor merksemd frå andre lærarar på skulen, og mange har allereie spurt om å ”låna” elevane for ein presentasjon av både resultat og forskingsprosess i ulike fag og timar. Det store talmaterialet me no sit på vil absolutt bli nytta i tida som kjem. IS-komiteen vil ha nytte av rapporten i høve til komande prosjektdagar og innsamlingar.

### ***Erfaringar andre kan læra noko av***

Den viktigaste erfaringa eg gjorde meg var at dette prosjektet er alt for stort for ein lærar å bera åleine. Mange gonger kjende eg meg rådlaus i høve til gjennomføringa, og då var det slitsamt å ikkje ha ein annan som drog lasset saman med meg. Ved neste krossveg vil me absolutt stilla eit lærarteam bak prosjektet.

Likevel har me først og fremst gjort oss mange positive erfaringar i denne forskingsprosessen. Både lærar og elvar vil retta ein stor takk til både UIS og Erik Fossåskaret som var så raus og imøtekommande i sin kontakt med den unge forskargruppa. Kontakten med Erik Fossåskaret utgjorde ein enorm forskjell for elevane. Dei måtte jobba godt i forkant av forskarbesøket, slik at Fossåskaret hadde konkrete element å snakka ut frå. Dette sette krav til både struktur og innsats. Samstundes fekk dei òg eit møte med ein raus forskar med enorm forskingsglede og

forskingsrespekt overfor elevane. Forssåskaret møtte elevane som forskarar. Dette gjorde stort inntrykk på elevane. Dei vakt mykje på den tilliten han viste dei.

Skulen fekk gjennom prosjektet knytt nokre band opp mot UIS som det vil vera spennande å spinna vidare på i tida og åra som kjem. Det var inspirerande for meg som lærar å vera med som ein rettleiar òg i møte med Fossåskaret. Eg vaks i rolla mi gjennom samtalane med forskaren.

Til slutt vil eg òg takka Siri Breistein ved *Holbergprisen i skolen* for flott oppfølging av menneska bak prosjektet. Det var inspirerande for både meg og elevane at du tok deg tid til å komma på besøk i forskingsperioden. Besøket gav elevane eit ansikt å halda seg til. Dei fekk gjennom besøket opp augo for at dei ikkje var åleine om oppgåva, men at dei var med på eit landsdekkjande prosjekt.

Alt i alt har *Holbergprisen i skolen* gjort ein forskjell for fire slitne elevar og ein like sliten lærar ved Stavanger katedralskole. Takk for utfordringa!

Anja Helen Steinsland